

Notat 2004-4

## **Særtrekk ved vestlandsjordbruket**

Torbjørn Haukås  
Siv Karin Paulsen Rye

---

<b>Tittel</b>	Særtrekk ved vestlandsjordbruket
<b>Forfattere</b>	Torbjørn Haukås, Siv Karin Paulsen Rye
<b>Prosjekt</b>	Særtrekk ved vestlandsjordbruket (E044)
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2004
<b>Antall sider</b>	39
<b>ISBN</b>	82-7077-559-2
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	Hordaland, Sogn og Fjordane, jordbruket, produksjon, til-skot, mjølkekvote, økonomi, utvikling, investering

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskningene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

Vestlandsfylka Hordaland og Sogn og Fjordane er på mange måtar like med tanke på jordbruk. Innan mange produksjonar er dei også viktige og store produsentar sett i høve til norske forhold.

Mange små driftseiningar, bratt areal og derav dårleg arrondering av arealet, gjer det likevel til ei større utfordring å drive jordbruk på Vestlandet enn mange andre stader. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å oppretthalde lønsemada i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet. Dette er mellom anna årsaker til at jordbruksproduksjonen er redusert meir på Vestlandet enn på landsbasis.

«Særtrekk ved vestlandsjordbruket» er eit prosjekt finansiert av Samarbeidsrådet for Hordaland og Sogn og Fjordane. Prosjektet skal dokumentere omfanget av jordbruket og vise utviklinga av produksjon og økonomi i dei to fylka frå midten av nittitalet og fram til i dag. I tillegg til dokumentasjon og analyse av situasjonen i dag, er det skissert ein del forslag til tiltak som kan vere med på skape ny optimisme i jordbruket i dei to fylka.

Prosjektleiar har vore Torbjørn Haukås, og han har skrive notatet saman med Siv Karin Paulsen Rye. Vi vil med dette rette ei stor takk til alle som har gjeve opplysningar til prosjektet. Takk også til Jon Sværen for arbeid med bakgrunnsdata, og til Anne Bente Ellevold som har klargjort notatet til trykking.

Oslo, januar 2004

Leif Forsell



# Innhald

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
2 PRODUKSJON OG AREALBRUK .....	5
2.1 Strukturutvikling i fylka i perioden 1995–2003 .....	5
2.1.1 Mjølkeproduksjon og storfehald .....	5
2.1.2 Sauehald .....	6
2.1.3 Geitehald .....	8
2.1.4 Andre produksjonar .....	9
2.2 Produksjonsvolum mjølk og kjøt .....	10
2.3 Bruk av jordbruksareal 1995-2003 .....	13
2.3.1 Fulldyrka og overflatedyrka jord, beite og bratt areal .....	13
2.3.2 Fruktareal .....	13
3 ENDRINGAR I RAMMEVILKÅR .....	15
3.1 Krav til momspliktig omsetning for å få produksjonstilskot .....	15
3.1.1 Jordbruksfrådrag .....	17
3.2 Tilskot i høve til produksjon – utvikling .....	17
3.2.1 Tilskotssatsar til husdyr .....	17
3.2.2 Tilskotssatsar per dekar .....	18
3.2.3 Utbetalt tilskot til Hordaland og Sogn og Fjordane .....	18
3.2.4 Del av tilskot til Hordaland og Sogn og Fjordane .....	19
4 UTVIKLINGSTREKK OG KONSEKVENSAR .....	21
4.1 Omsetning av kvotar .....	21
4.1.1 Kumjølk .....	21
4.1.2 Geitemjølk .....	23
4.2 Økonomisk utvikling .....	24
4.2.1 Mjølkeproduksjon .....	25
4.2.2 Sauehald .....	26
4.2.3 Mjølkeproduksjon kombinert med sauehald .....	27
4.2.4 Fruktproduksjon .....	27
4.2.5 Nettoinntekt .....	28
4.2.6 Inntekter utanom jordbruksdrifta .....	29
4.3 Investeringsnivå .....	30
4.3.1 Nettoinvesteringar i driftsgranskingane .....	30
4.3.2 Investeringer i driftsbygningar .....	31
4.4 Samfunnsmessige forhold .....	33
5 KONKLUSJONAR OG FORSLAG TIL TILTAK .....	35
5.1 Driftsøkonomiske verkemiddel .....	35
5.2 Produktprisar .....	36
5.3 Tilskot .....	36
5.4 Investeringsstrøng og nye samarbeidsformer .....	37
5.5 Andre rammevilkår .....	37



# Samandrag

---

Prosjektet «Særtrekk ved vestlandsjordbruksforskingen» er utført på oppdrag av Samarbeidsrådet for Hordaland og Sogn og Fjordane. Gjennom prosjektet skal ein dokumentere omfangset av jordbruksforskingen i dei to fylka og samtidig vise utviklinga av produksjon og økonomi frå midten av nittitalet og fram til i dag.

Jordbruksforskingen i Hordaland og Sogn og Fjordane står for 13 % av mjølke- og storfekjøtproduksjonen i Noreg. Vel 18 % av sauekjøtet kjem frå desse to fylka og 55 % av fruktarealet.

Utviklinga viser at fylka taper terreng i høve til andre landsdelar med omsyn til totalproduksjon og tal bønder. Tal mjølkeprodusentar er redusert med 32 % på landsbasis mellom 1995 og 2003, medan tilsvarende tal er 38 % i Hordaland og 31 % i Sogn og Fjordane. I 1999 produserte vestlandsfylka 13,4 % av mjølka, medan 12,7 % av mjølkeproduksjonen i 2002 kom frå dei to fylka. Sauehaldet har vore om lag uendra i perioden på landsbasis og i Sogn og Fjordane frå 1989 fram til 2002. I Hordaland har det vore nedgang.

Reduksjonen av tal bønder er større enn på landsbasis. Frå 1999 til 2003 er tal søkerar for produksjonstilskot gått ned med 25 % for Hordaland, 20 % for Sogn og Fjordane og 18 % for landet. Fulldyrka jordbruksareal er gått ned med 7 % i Hordaland og Sogn og Fjordane medan det har auka med 6 % på landsbasis.

Ei utflating av tilskottssatsane for husdyr og areal har påverka negativt for landbruksforskingen i vestlandsfylka då produksjonsomfang og areal er mindre enn landsgjennomsnittet. Ein stadig mindre del av dei samla tilskota til jordbruksforskingen går til Hordaland og Sogn og Fjordane. I sum for husdyr og arealt tilskot har prosentdelen for vestlandsfylka gått ned frå 14,2 % til 11,7 % frå 1995 til 2002.

Lønsemada i jordbruksforskingen for dei to fylka, målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, viser at resultatet i middel er om lag kr 20 000 lågare per årsverk for vestlandsfylka enn for landet elles. Utviklinga i tiårsperioden har vore om lag lik for Vestlandet som for landet, men avstanden er om lag den same. Skilnaden er størst i sauehaldet og minst i mjølkeproduksjonen.

Samla inntekt per brukarfamilie målt som nettoinntekt viser mindre skilnader. Regionen ligg litt under landsgjennomsnittet i heile tiårsperioden. Det har vore ein minkande del av totalinntekta som kjem frå jordbruksforskingen i alle landsdelar. Ved inngangen til tiårsperioden kom vel 60 % av totalinntekta frå jordbruksforskingen på landsbasis, medan det var redusert til 46 % i 2002. I Hordaland og Sogn og Fjordane var tilsvarende tal 56 % og 41 %. På grunn av lågare driftsoverskot kjem ein mindre del av den samla inntekta til brukarfamilien frå jordbruksforskingen i vestlandsfylka.

Ein større del av bøndene i Hordaland vart råka av krav til avgiftspliktig omsetning for å få produksjonstilskot enn tilfellet var for Sogn og Fjordane og for landet elles. Nedgangen i tal søkerar av produksjonstilskot har også vore klart størst i Hordaland dei to søknadsomgangane som har vore etter av kravet vart innført.

Jordbruksfrådraget som vart innført i 2001 og utvida i 2002, ser ut til å ha et effekt i Hordaland og Sogn og Fjordane som på landsbasis. Gjennomsnittleg frådrag er om lag kr 30 000.

Nettoinvesteringane i tiåret frå 1993 til 2002 har vore om lag like store i vestlandsfylka som på landsbasis, om lag kr 12 000 per bruk og år. Driftsbygningane er noko

eldre i Hordaland enn elles i landet, og løyvingar gjennom SND etter tusenårsskiftet viser nedgang i byggeaktiviteten samanlikna med nittitalet.

Investeringsnivået i vestlandsfylka er om lag som på landsbasis. Bygningsmassen særleg i Hordaland, er eldre enn gjennomsnittet. Strukturen med små einingar i mange produksjonar gjer fornying av bygningsmassen vanskeleg. I Sogn og Fjordane var det i mjølkeproduksjonen berre bruk med samdrift som fekk tilskot til nye driftsbygningars i 2003. Gjennomsnittsbruken i Sogn og Fjordane er for små til at dei kan forsvare nybygg økonomisk.

Jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane står over for store utfordringar med tanke på auka krav til produksjonsomfang og rasjonell drift for å få eit rimeleg økonomisk utbyte av drifta. På prissida er det få tiltak ein gjennomfører for volumproduksjonen. Internasjonalt regelverk og auka grensehandel gjer det vanskeleg å ta ut høgare marknadsprisar. Omlegging til økologisk drift eller foredling av råvarene kan vere vegen å gå for eit mindretal for å ta ut høgare prisar i marknaden.

På tilskotssida er det mogeleg å ta fleire grep for å betre situasjonen. Ei vidare utflating av tilskottssatsane på husdyr og areal vil forverre situasjonen for vestlandsbonden, men på ei anna side er det lite truleg at det kjem på tale med ei reversering av denne utflatinga. Å ta vare på ei viss differensiering vil derfor vere gunstig for vestlandsfylka.

Endring av sonegrenser for pristilskot kan vere aktuelt tiltak i enkelte område. På sikt er pristilskota utsette med tanke på WTO. Driftstilskotet på mjølk har vore brukt for å justere rammevilkåra i avgrensa område. Dette kan vere aktuelt også for Vestlandsfylka.

Andre meir målretta tilskot kan vere aktuelle dersom ein ser uheldig utvikling i enkelte område. Dette kan til dømes gjennomførast ved hjelp av regionale tilskot.

# 1 Innleiing

---

Jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er prega av småskalajordbruk med mange og små einingar. Mykje av årsaka til dette er naturgeven. Topografien er bratt og ulendt mange stader. Dei indre strøka er prega av høge fjell og tronge fjordar med ei lita stripe langs fjorden med dyrka mark. Kulturlandskapet langs kysten omfattar kupert landskap ofte med grunn jord og dessutan ein god del myrlendt areal. Enkelte bygder i dei to fylka har gode jordbruksareal og har hatt betre rammer for jordbruk, men desse områda er få. Eksempel på vide jordbruksbygder er Etne, Kvinnherad og Voss i Hordaland, og Breim i Sogn og Fjordane.

Fylka er ganske like med omsyn til jordbruk. Det er om lag like mange bruk i kvart fylke, om lag lik storleik, og det er dei same produksjonane som dominerer. Mjølkeproduksjonen er den viktigaste med tanke på sysselsetjing. Sauehaldet er den mest omfattande næringa, men mange av desse einingane er små. Langs fjordane har det i lange tider vore dyrka frukt, og dette er framleis ei viktig næring i mange bygder.

Det tradisjonelle vestlandsbruket er lite. Ved søknadsomgangen for produksjonstilskot 31. juli 2003 var det 3 887 sokjarar i Hordaland og 4 092 i Sogn og Fjordane. Dette utgjer 14,5 % av sokjarane på landsbasis. Gjennomsnittsbruket i dei to fylka var høvesvis 101 og 107 dekar, medan landsgjennomsnittet var 176 dekar (2002).

Rammevilkåra for jordbruket på Vestlandet er derfor ikkje dei beste med tanke på rasjonell drift på store brukseiningar. Det er vanskeleg å få til store og rasjonelle driftseininger på Vestlandet og innfri dei krava som det etter kvart er blitt for å få eit brukbart økonomisk utbyte av jordbruksdrifta.

Jordbruket på Vestlandet har mange andre kvalitetar enn dei reint økonomiske. Distriket har ei omfattande reiselivsverksemd. Fjordane på Vestlandet er nokre av dei mest attraktive reisemåla i Noreg. Ein viktig grunn til dette er eit velstelt kulturlandskap og levande bygder. Jordbruket har ei viktig rolle i samspel med reiselivet. Produksjon av fellesgode er stadig oftare framme som eit viktig argument for å oppretthalde jordbruket. Det er alltid vanskeleg å fastslå verdien av dette.

Kystlandskapet er også særmerkt på Vestlandet. Lyngheiar som har vore kultiverte i lange tider, beitelandskap som skaper eit vakkert kulturlandskap, er ofte peikt på som

viktinge element å ta vare på. Vi ser at stadig meir av desse landskapa gror att etter kvart som jordbruksdrift og beiting minkar.

I tillegg til kulturlandskapet har jordbruket ringverknader i form av verdiskaping og sysselsetjing i andre sektorar. Det er gjort ein del arbeid tidlegare på å kartlegge storleiken på desse verknadene. På 70-talet var det gjort ein studie i tre kommunar i Valdres (Fagerås, Hoffmann og Romarheim, 1975). Det har også vore utført ei undersøking av ringverknader i Alstadhaug kommune i Nordland i 2002 (Romarheim, 2003).

Ringverknader per krone basislevering er definert som differansen mellom den totale og den direkte verknaden. Forholdstalet mellom total inntektsverknad og den direkte inntektsverknaden for jordbruk vert kalla *inntektsmultiplikator*. Inntektsmultiplikatoren for ei basisverksemrd som til dømes landbruk, måler endringa i total inntekt som følgjer i eit område når ein endrar inntekta i vedkommande basisverksemrd med ei eining. Denne er i estimert til å liggje mellom 1,4 og 1,8 i tidlegare undersøkingar frå andre regionar (Fagerås m.fl. 1976 og Romarheim, 2003). Det vil seie at for kvar million kroner auka inntekt for landbruket, vil det medføre 1,4–1,8 million kroner i samla inntekt for regionen totalt.

*Sysselsettingsindikatoren* for ei basisverksemrd måler endringa i total sysselsetting som følgjer i eit område når ein endrar sysselsettinga i vedkommande basisverksemrd med ei eining. Sysselsettingsmultiplikatoren sett til mellom 1,2 og 1,3 for landbruket i undersøkinga i Valdres (Fagerås m.fl., 1976) og til 1,6 samla for primærnæringane i Alstadhaug (Romarheim, 2003). Det vil seie at kvar årsværk i landbruket genererer mellom 1,2 og 1,6 årsværk totalt i kommunen.

Jordbruket er også viktig for busetjing i mange kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Mange av kommunane har jordbruk som basisnæring, og dermed påverkar utviklinga i jordbruket utviklinga i busetjing og folketal i kommunane.

Dette notatet går ikkje inn på å undersøke multifunksjonaliteten av jordbruket nærmare i dei to fylka, men det er viktig å vere klar over desse effektane av jordbruket.

Dei fleste av tala som er henta frå Statens landbruksforvaltning i 2003, er førebels tal. Vi reknar ikkje med at det blir store endringar i høve til endelege tal.

Prosjektet «Særtrekk ved vestlandsjordbruket» skal dokumentere omfang og utvikling av produksjon og økonomi i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, samtidig som det skal peike på mogelege tiltak som skal vere med på å skape ny optimisme i jordbruket i dei to fylka.

## 2 Produksjon og arealbruk

---

Landbruket har i lang tid vore utsett for sterke krav om rasjonalisering. Tal bruk har gått kraftig ned over fleire år, medan produksjonsomfanget totalt har i større grad vore stabilt. I dette kapittelet vil vi sjå på korleis omfang og struktur er endra frå 1995 til 2003 i Hordaland og Sogn og Fjordane i forhold til landet elles. Tal bruk for dei ulike produksjonane omfattar ikkje berre bruk som driv med einsidig dyrehald, men også bruk som driv med dyr i ulike kombinasjonar.

Som mål for omfanget av dyrehaldet i dei aktuelle fylka, har vi brukt statistikken for produksjonstilskot i landbruket frå Statens Landbruksforvaltning. Det er henta inn opplysningar om tal produsentar og tal dyr. Vi går ut frå at tal produsentar er tilnærma likt tal bruk.

### 2.1 Strukturutvikling i fylka i perioden 1995–2003

#### 2.1.1 Mjølkeproduksjon og storfehald

Tabell 2.1 Omfanget av bruk med mjølkeproduksjon og ammekyr 1995 og 2003

Ar	Mjølkeproduksjon			Ammekyr		
	Tal bruk	Tal kyr	Kyr per bruk	Tal bruk	Tal kyr	Kyr per bruk
Hordaland	1995	1 872	18 402	9,8	379	1 365
	2003	1 161	14 291	12,3	485	2 769
Sogn og Fj.	1995	2 413	22 186	9,2	206	773
	2003	1 660	19 542	11,8	309	1 798
Landet	1995	25 554	316 748	12,4	4 132	20 963
	2003	17 439	277 160	15,9	5 546	53 120


Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

Tabell 2.1 viser at per 31. juli 2003 var det 17 439 bruk i landet totalt med mjølkekyr, det er ein reduksjon på 8 115 bruk frå 1995, noko som tilsvarer ein nedgang på 31,8 %. I Hordaland har nedgangen vore relativt større, med 38 % nedgang i tal bruk med mjølkekyr, medan i Sogn og Fjordane har reduksjonen vore på same nivå som for resten av landet.

Tal dyr har ikkje gått ned i like stor grad som tal bruk, fordi gjennomsnittstorleiken på det enkelte bruket har auka. Nokre av bruka som har sluttar med mjølkekyr, har i staden gått over til ammekuproduksjon. Både tal mjølkekutalet og tal ammekyr per bruk har auka frå 1995 til 2003.

I Hordaland har mjølkekutalet per bruk auka frå 9,8 til 12,3, og i Sogn og Fjordane var det ein auke frå 9,2 til 11,8. I gjennomsnitt for landet er det eit noko større omfang på drifta, og tal mjølkekutalet var i 1995 12,4 og det auka til 15,9 i 2003.

Om ein ser på tal mjølkekutalet og ammekyr til saman, så har det i landet totalt vore ein nedgang på 2,2 % i perioden. I Hordaland har det totale kutalet hatt ein nedgang på 13,7 %. I Sogn og Fjordane har reduksjonen i tal dyr vore noko mindre, med 7,1 % frå 1995 til 2003.



Figur 2.1 Tal mjølke- og ammekyr per bruk

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

I 1995 hadde Hordaland 7,3 % av alle mjølkeprodusentar i landet, og i 2003 var delen mjølkebruk i Hordaland redusert til 6,7 %. Sogn og Fjordane hadde om lag 9,5 % av alle mjølkeprodusentar både i 1995 og 2003.

### 2.1.2 Sauehald

Tabell 2.2 viser utvikling i tal bruk og tal vinterföra sauer frå 1995 til 2003. Det er også teke med tal for utegåande sauer, sjølv om dette er i eit avgrensa omfang.

Per 01.01.03 var det 2 342 bruk med sau i Hordaland, og det er ein reduksjon på 1 027 bruk frå 1995, noko som tilsvarer ein nedgang på 30 %. I Sogn og Fjordane har


det vore ein reduksjon i tal sauebruk på 26 % i same periode, og det var 2 360 bruk med sau per 01.01.03. På landsbasis var reduksjonen i tal sauebruk på 22,8 % i perioden.

Tabell 2.2 Omfanget av bruk med sauehald per 31.12.95 og 01.01.03

Ar	Vinterfôra sau			Utegaande sau		
	Tal bruk	Tal sauer	Sauer per bruk	Tal bruk	Tal sauer	Sauer per bruk
Hordaland	1995	3 369	116 854	34,7	45	999
	2003	2 342	106 747	45,6	35	806
Sogn og Fj.	1995	3 184	116 157	36,5	5	74
	2003	2 360	115 640	49,0	13	207
Landet	1995	24 239	1 051 334	43,4	97	1 688
	2003	18 716	1 093 354	58,4	136	2 992

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

På same måte som for storfe, er heller ikkje tal sauver endra i like stor grad som tal bruk. For landet har tal sauver auka med 4 % i perioden, og gjennomsnittstorleiken per bruk har auka frå 43,4 til 58,4 vinterfôra sauver (figur 2.2). I Hordaland og Sogn og Fjordane er storleiken på bruken mindre, men også der har det vore ein tydeleg auke i tal sauver per bruk. I Sogn og Fjordane var det om lag same tal sauver totalt i 2003 som i 1995, medan i Hordaland er tal sauver redusert med 8,7 % i perioden.



Figur 2.2 Tal vinterfôra sauver per bruk

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

I 1995 hadde Hordaland 13,9 % av alle bruk med sau i landet, og i 2003 var delen med sauebruk i Hordaland redusert til 12,5 %. Sogn og Fjordane hadde 13,1 % av alle sauebruk i 1995 og 12,6 % i 2003.

## 2.1.3 Geitehald

Under geitehald har vi teke med tal for både mjølkegeiter og ammegeiter (tabell 2.3). Mjølkegeiter på eit bruk utan mjølkekvote, eller geiter for kjøt- eller ullproduksjon, vert rekna som ammegeiter.


Tabell 2.3 Omfanget av bruk med geitehald per 31.07.95 og 31.07.03

	Ar	Mjølkeproduksjon			Ammageiter		
		Tal bruk	Tal geiter	Geiter per bruk	Tal bruk	Tal geiter	Geiter per bruk
Hordaland	1995	62	4 217	68,0	81	867	10,7
	2003	49	3 685	75,2	82	641	7,8
Sogn og Fj.	1995	135	9 954	73,7	61	491	8,0
	2003	98	8 475	86,5	82	811	9,9
Landet	1995	907	58 085	64,0	499	3 284	6,6
	2003	598	45 796	76,6	561	4 021	7,2

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

Tabell 2.3 viser at per 31.07.03 var det på landsbasis 598 bruk med geitemjølkproduksjon, og det er ein reduksjon på 34 % frå 1995. I Hordaland var det i 2003 registrert 49 bruk med produksjon av geitemjølk, og det er ein reduksjon på 21 % frå 1995. Sogn og Fjordane hadde 98 bruk med denne driftsforma i 2003, og reduksjonen i tal bruk har vore på 19 % frå 1995.

Som for storfe, så har også tal geiter gått ned frå 1995 til 2003, men ikkje i like stor grad som tal bruk. Når det gjeld storleiken på bruken, så er det nokre fleire geiter per bruk i Sogn og Fjordane enn i Hordaland og landet elles.



Figur 2.3 Tal mjølke- og ammegeiter per bruk

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

I 1995 hadde Hordaland 6,8 % av alle bruk med geitemjølkproduksjon i landet, og i 2003 var delen auka til 8,2 %. Delen med geitebruk i Sogn og Fjordane auka frå 14,9 % i 1995 til 16,4 % i 2003.

## 2.1.4 Andre produksjonar

Her har vi tatt med tal for svineproduksjon, eggproduksjon og pelsdyr. Dette er produksjonar som ikkje er så store i Hordaland og Sogn og Fjordane, men som betyr mykje for dei som driv med det. Det er òg viktig for landbruket totalt sett at desse produksjonane har ein viss storleik også i framtida, både med omsyn på produksjonsmiljø, transport og distribusjon.

### Svineproduksjon

Bruk med gris har hatt ein kraftig nedgang i tal brukarar, medan dyretal i gjennomsnitt per bruk aukar (tabell 2.4). For landet totalt var det 2 316 bruk med avlsgris i 2003, og det er ein nedgang på 47 % frå 1995. Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har tal bruk med avlsgris blitt meir enn halvert i denne perioden. I Hordaland har også tal gris gått kraftig ned, medan i Sogn og Fjordane og landet elles har det vore ein mindre reduksjon i totalt tal dyr.

**Tabell 2.4 Omfanget av bruk med avlsgris per 31.07.95 og 31.07.03**

	Ar	Tal bruk	Avlspurker	
			Tal avlspurker	Tal avlspurker per bruk
Hordaland	1995	215	1 825	8
	2003	89	1 088	12
Sogn og Fjordane	1995	149	1 142	8
	2003	69	1 070	16
Landet	1995	4 385	64 452	15
	2003	2 316	59 960	26

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

### Eggproduksjon

Tal bruk med verpehøner har gått ned med 33 % for landet frå 1995 til 2003 (tabell 2.5). Det har vore om lag same reduksjon i tal bruk i vestlandsfylka. Når det gjeld totalt tal høner, har det vore ein reduksjon på høvesvis 43 % og 32 % i Hordaland og Sogn og Fjordane, medan på landsbasis har tal høner gått ned med berre 10 % i perioden.

Tabell 2.5 Omfanget av bruk med verpehøner per 31.07.95 og 31.07.03

		Verpehøner		
	År	Tal bruk	Tal høner	Tal høner per bruk
Hordaland	1995	347	239 512	690
	2003	223	137 536	617
Sogn og Fjordane	1995	224	110 607	494
	2003	158	75 341	477
Landet	1995	4 323	3 558 992	823
	2003	2 887	3 214 601	1 113

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

### Pelsdyr

Bønder som driv med pelsdyr, er av dei få innan landbruksnæringa som er vane med frie marknadskrefter, da dei alltid har selt produkta sine på verdsmarknaden. Tal selde skinn kan variere mykje frå år til år, fordi bonden kan regulere inntekta med å fryse inn skinn eitt år og selje dei eit anna år. Det var ein positiv trend i verdsøkonomien i 1995/1996 med påfølgjande gode prisar på reveskinn. Ein kunne da sjå at salet auka på grunn av at innefrosne skinn kom ut på marknaden.

Tabell 2.6 viser at det var 987 skinnleverandørar på landsbasis i 2002, og det er ein reduksjon på 45 % frå 1993. I Hordaland og Sogn og Fjordane har reduksjonen vore på høvesvis 34 % og 30 % i same perioden. I Hordaland var det 27 skinnleverandørar i 2002, og det er Kvam som er den desidert største pelsdyrkommunen i Hordaland. I Sogn og Fjordane har Gloppe kommune om lag halvparten av pelsdyrgardane i fylket, og Gloppe er også landets største pelsdyrkommune.

Tabell 2.6 Omfanget av bruk med pelsdyr, 1993 og 2002

	År	Tal skinnleverandørar	Tal reveskinn	Tal minkskinn
Hordaland	1993	41	7 237	4 199
	2002	27	6 463	4 243
Sogn og Fjordane	1993	183	31 890	5 487
	2002	129	35 162	5 832
Landet	1993	1 787	332 693	276 329
	2002	987	342 111	363 614

Kjelde: Noregs Pelsdyralslag

## 2.2 Produksjonsvolum mjølk og kjøt

I dette kapittelet har vi sett på total mengde som er produsert av dei viktigaste landbruksprodukta i fylka (tabell 2.8). Tala for 2002 er førebels tal.


Når det gjeld produksjon av mjølk, har vi sett på levert mengde frå 1979 til 2002. Smør og ost produsert på garden, er rekna om til liter mjølk og er inkludert i tala. Tabell 2.7 viser at produsert mjølkemengde har gått ned både i landet totalt og i vestlandsfylka frå 1979 til 2002 etter ein periode med høgare produksjon i mellomtida.

**Tabell 2.7 Total produsert mengde kumjølk levert til meieri, inkl. gardssmør og –ost utrekna som mjølk, millionar liter**

	<b>1 979</b>	<b>1 989</b>	<b>1 999</b>	<b>2 001</b>	<b>2 002</b>
Hordaland	90,7	112,6	98,2	85,9	84,6
Sogn og Fjordane	99,3	119,9	123,9	108,3	106,5
Landet	1741,9	1835,4	1647,3	1517,4	1504,7

Kjelde: Resultatkontrollen, Budsjettnemda for jordbruket, 2003

Vestlandsfylka sin prosentdel av mjølkeproduksjonen i landet har vore relativt stabil dei siste åra (figur 2.4). Til saman produserte Hordaland og Sogn og Fjordane 191,1 millionar liter mjølk i 2002, og det er 12,7 % av total mjølkemengde i landet. Rogaland er det fylket i landet som produserte mest mjølk, med 268 mill. liter. Nord-Trøndelag er det nest største mjølkeproduksjonsfylket med 168 mill. liter i 2002.



*Figur 2.4 Hordaland og Sogn og Fjordane sin prosentdel av mjølkeproduksjonen i landet i perioden 1979–2002*

Kjelde: Resultatkontrollen, Budsjettnemda for jordbruket, 2003

I heile landet har produsert storfekjøt auka med 14 % frå 1989 til 2002. I Sogn og Fjordane er produksjonen redusert med 2,4 %. Når det gjeld Hordaland, har det vore ein reduksjon i produksjonen frå 6 152 tonn i 1989 til 4 292 tonn i 2002, men går ein tilbake til 1986, var produksjonen på 4 900 tonn storfekjøt, så det var ein kraftig auke frå 1986 til 1989.

På landsbasis har produksjon av svinekjøt hatt ein vesentleg auke i tal tonn. I Sogn og Fjordane er det liten endring i perioden. Når det gjeld svinekjøt i Hordaland, var det ei dobling av produksjonen frå 1986 til 1989, men frå 1989 til 2002 har det vore ein kraftig reduksjon i produksjonen.

Produksjonen av saupekjøt har på landsbasis lege på eit stabilt nivå gjennom heile perioden. Rogaland er det fylket i landet som har desidert størst produksjon av saupekjøt,

med 4 623 tonn i 2002. Ser ein på Sogn og Fjordane og Hordaland under eitt, er produksjonen på 4 346 tonn sauekjøt, og dette utgjer vel 18 % av den totale produksjonen i landet. Oppland er det nest største fylket på produksjon av sauekjøt, med ein produksjon på 2 857 tonn kjøt i 2002.

Eggproduksjonen har gått ned både i sum for landet og i dei aktuelle fylka. Produksjonen av fjørfekjøt er derimot meir enn dobla for landet frå 1989 til 2002. Hordaland og Sogn og Fjordane har ikkje teke del i den store produksjonsauken for kvitt kjøt, i vestlandsfylka er det relativt liten endring på produksjonen i perioden. Noko av forklaringa på dette kan vere at fagmiljøet på Vestlandet er lite.


Tabell 2.8 Produsert mengde i ulike produksjonar

	Hordaland		Sogn og Fjordane		Landet	
	Produsert tal tonn	1 989	Produsert tal tonn	1 989	Produsert tal tonn	1 989
	2 002		2 002		2 002	
Storfekjøtt	6 152	4 292	5 369	5 241	75 356	85 828
Svinekjøtt	6 323	2 000	1 665	1 410	83 821	104 810
Sauekjøtt	3 150	2 144	2 278	2 202	22 749	23 789
Egg <sup>1)</sup>	3 996	2 359	1 937	1 130	52 358	47 650
Fjørfekjøtt	800	903	152	141	19 779	46 152

1) Tal for produksjon av egg er for 1989 og 2001

Kjelde: Resultatkontrollen, Budsjettetnemnda for jordbruket, 2003

I figur 2.5 ser vi nærmere på kor stor del av storfekjøtproduksjonen som kjem frå vestlandsfylka. Både Hordaland og Sogn og Fjordane hadde 6,6 % av produksjonen i 1986, og etter ei auke i 1989, har prosentdelen til Hordaland gått ned til 5 % i 2002, og Sogn og Fjordane produserte 6,1 % av alt storfekjøt i 2002.



Figur 2.5 Hordaland og Sogn og Fjordane sin del av landets totale produksjon av storfekjøt i perioden 1986–2002

## 2.3 Bruk av jordbruksareal 1995-2003

### 2.3.1 Fulldyrka og overflatedyrka jord, beite og bratt areal

I heile landet har tal dekar fulldyrka jord auka med 5,7 % frå 1995 til 2003 (tabell 2.9), medan talet på bruk har gått ned med 24 % i same periode. Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har tal dekar fulldyrka jord gått ned.

Tabell 2.9 Tal brukarar og tal dekar fulldyrka og overflatedyrka jord, beite og bratt areal, 31.07.95 og 31.07.03

	Ar	Fulldyrka jord			Overflatedyrka jord		
		Tal bruk	Tal dekar	Dekar per bruk	Tal bruk	Tal dekar	Dekar per bruk
Hordaland	1995	5 342	264 604	50	3 441	55 195	16
	2003	3 580	232 925	65	2 525	47 647	19
Sogn og Fjordane	1995	5 425	296 659	55	2 896	38 310	13
	2003	3 900	288 184	74	2 225	33 329	15
Landet	1995	56 050	4 554 804	81	16 767	264 448	16
	2003	42 466	4 810 686	113	14 277	265 455	19

	Ar	Gjødsla beite/ innmarksbeite			Bratt areal		
		Tal bruk	Tal dekar	Dekar per bruk	Tal bruk	Tal daa	Dekar per bruk
Hordaland	1995	3 938	117 404	30	1 209	39 642	33
	2003	2 926	130 112	44	895	33 385	37
Sogn og Fjordane	1995	3 907	107 801	28	1 623	59 433	37
	2003	3 147	130 399	41	1 170	52 697	45
Landet	1995	29 461	1 007 122	34	6 076	238 726	39
	2003	26 659	1 351 847	51	4 414	214 199	49

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

### 2.3.2 Fruktareal

Hordaland og Sogn og Fjordane er dei to største fruktfylka i landet når ein ser på tal dekar. (tabell 2.10). Når det gjeld plommer, har tal dekar har hatt ein liten auke både for Hordaland og for resten av landet frå 1995 til 2003. I 2003 hadde Hordaland heile 50 % av plommearealet åleine.

Tabell 2.10 Omfang av tal dekar og bruk for ulike fruktslag i 1995 og 2003


	Ar	Eple		Pærer		Dekar per bruk	
		Tal bruk	Tal daa	Dekar per bruk	Tal bruk		
Hordaland	1995	478	6 652	13,9	284	1 043	3,7
	2003	357	5 719	16,0	168	544	3,2
Sogn og Fjordane	1995	509	4 197	8,2	293	1 578	5,4
	2003	296	2 654	9,0	149	680	4,6
Landet	1995	1 674	20 590	12,3	711	3 040	4,3
	2003	1 073	16 452	15,3	381	1 529	4,0

	Ar	Plommer			Morellar/ kirsebær			Dekar per bruk
		Tal bruk	Tal daa	Dekar per bruk	Tal bruk	Tal daa		
Hordaland	1995	380	1 418	3,7	319	1 477	4,6	
	2003	302	1 507	5,0	261	1 286	4,9	
Sogn og Fjordane	1995	226	556	2,5	56	94	1,7	
	2003	171	519	3,0	53	231	4,4	
Landet	1995	834	2 870	3,4	634	2 643	4,2	
	2003	663	3 064	4,6	491	2 691	5,5	

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

Figur 2.6 viser den prosentvise delen av ulike frukt- og bærslag i Hordaland og Sogn og Fjordane. Til saman hadde dei to fylka om lag 80 % av totalt tal dekar pærer i 2003, 68 % av tal dekar plommer, 56 % av tal dekar morellar/kirsebær og 50 % av eplearealet i landet



Figur 2.6 Prosentvis fordeling av tal dekar frukt og bær i 2003

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

# 3 Endringar i rammevilkår

---

Fleire nye reformer med omsyn til produksjonstilskot og skattefrådrag har endra rammevilkåra for jordbruket. Frå og med 1. juli 2002 vart det vedteke at berre dei som var meirverdiavgiftspliktige kunne søkje om produksjonstilskot. I praksis vil det seie at dei må ha ein avgiftspliktig omsetning som er større enn kr 30 000 i året. Frå 1.1.2004 er denne grensa endra til kr 50 000 i året. Grensa for å få produksjonstilskot er ikkje endra, men vi har likevel valt å sjå på konsekvensar om dette skulle skje på eit seinare tidspunkt.

Frå og med inntektsåret 2001 vart det innført eit ekstra skattefrådrag for næringsdrivande med næringsinntekt frå jord- og hagebruk. I 2001 var maksimalt frådrag kr 36 000. Det var halv verknad av frådraget i 2001, så i praksis var frådraget kr 18 000. Skattereduksjon som følgje av dette var 28 % av kr 18 000, kr 5 040.

I 2002 vart dette frådraget utvida frå kr 36 000 til å gjelde kr 36 000 + 9 % av inntekt mellom kr 36 000 og kr 163 777. Maksimalt frådrag for 2002 vart då kr 47 500, og skattereduksjonen vart kr 13 300 for dei med maksimalt frådrag. I 2003 var maksimalt frådrag auka til kr 61 500. For å oppnå dette, måtte næringsinntekta vere over kr 170 210. Kr 36 000 + 19 % av inntekt mellom kr 170 210 medførte maksimalt frådrag og skattereduksjon på kr 17 220.

## 3.1 Krav til momspliktig omsetning for a få produksjonstilskot.

Frå 2002 vart det innført krav om at alle som søkte om produksjonstilskot i jordbruket, skulle vere registrert i meirverdiavgiftsregisteret. Det vil seie at dei måtte ha ein avgiftspliktig omsetning på minst kr 30 000. Dei aller fleste som driv med næringsverksemd innan landbruket, vil ha ein omsetning som overstig denne grensa. Til dømes må ein ha 3–4 okseslakt eller 25–30 vinterföra sauер for å komme over denne grensa. Det er derfor svært liten jordbruksproduksjon på dei brukar som kjem under denne grensa.

**Tabell 3.1 Tal søknader om produksjonstillegg og tal bønder med meirverdiavgiftspliktig omsetning under kr 30 000 i 2001 og under kr 50 000 i 2002**

	2001		2002		2003
	Søkn. per	Omsetning	Søkn. per	Omsetning	Søkn. per
	31.jul	< 30 000 kr	31.jul	< 50 000 kr	31.jul
Hordaland	4 872	893	4 337	1 244	3 887
Sogn og Fjordane	4 770	471	4 397	1 020	4 092
Landet <sup>1</sup>	62 282	13 400	58 892	21 300	54 904

Kjelde: Skattedirektoratet, Fylkesskattekontora i Hordaland og Sogn og Fjordane og SLF

Fylkessattekontora i Hordaland og Sogn og Fjordane har gjort kjøringar på materialet i dei to fylka for 2001 og 2002 med omsyn til meirverdiavgiftspliktig omsetning for jordbruksnæring (kode 01).

For 2001 var det 893 personar med jordbruksnæring i Hordaland som var under grensa for avgiftspliktig omsetning på kr 30 000. Dette utgjer 18 % av søkjarane som søkte produksjonstillegg i 2001. Tilsvarande tal for Sogn og Fjordane var 471 og 10 %.

I ei undersøking gjort av Skattedirektoratet for materialet for 2002 for alle primærnæringar med unnatak av fiske, viser at 13 400 av 72 000 hadde avgiftspliktig omsetning under kr 30 000. Tala er ikkje samanliknbare med kjøringane for vestlandsfylka, men resultata kan tyde på at Hordaland ligg om lag på landsgjennomsnittet medan Sogn og Fjordane har ein mindre del bønder med avgiftspliktig omsetning under kr 30 000 enn landsgjennomsnittet.

Frå 2004 er grensa for å vere meirverdiavgiftspliktig endra frå kr 30 000 til kr 50 000. I jordbruksavtalen står det klart at det ikkje er nokon automatisk endring i krav til omsetning for å få produksjonstilskot dersom denne grensa vert auka. Vi har likevel sett på kor mange bønder i dei to fylka som vert omfatta dersom det skulle komme ei slik endring. Spørsmålet om koplinga mellom meirverdiavgiftspliktig omsetning og produksjonstilskot skal takast opp i jordbruksforhandlingane våren 2004.

Kjøringar frå fylkessattekontora for materialet for 2002 viser at 1 244 bruk i Hordaland og 1 020 bruk i Sogn og Fjordane hadde ein avgiftspliktig omsetning frå jordbruket mindre enn kr 50 000. Det er høvesvis 29 % og 23 % av søkjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. På landsbasis er det 21 300 av 72 000 som driv med primærnæring (29 %) som kjem i gruppa under kr 50 000.

Det er vanskeleg å seie kva utslag slike endringar får i praksis. Dei næringsdrivande vil til ei viss grad kunne tilpasse seg dei nye vilkåra. For dei som har anna næring i tillegg til jordbruket, vil kravet vere enklare å innfri. Ser vi på tal søkjarar av produksjonstilskot i jordbruket, viser det seg at nedgangen ikkje har vore så stor som ein kunne vente i forhold til registrert omsetning i jordbruket. Det har vore ein nedgang på 20 % i Hordaland, 14 % i Sogn og Fjordane og 12 % på landsbasis i tal søknader om produksjonstillegg mellom 2001 og 2003. Nedgang i tal søkjarar viser ei årleg dobling dei to siste åra samanlikna med tidlegare år. Kor mykje av dette som skuldast kravet om å vere registrert i avgiftsregisteret, er vanskeleg å seie, men det har truleg vore med på akseletere strukturendringane i dei to fylka og på landsbasis.

<sup>1</sup> Tala for omsetning under kr 30 000 og kr 50 000 på landsbasis omfattar alle primærnæringar utanom fiske, i alt om lag 72 000 stk og er kjørt på materialet for 2002.

### 3.1.1 Jordbruksfradrag

Det er interessant å sjå korleis effekten av jordbruksfrådraget har vore for ulike produksjonar og landsdelar. For å dra nytte av jordbruksfrådraget, er ein avhengig å av å ha ei næringsinntekt frå jord- og hagebruk. For 2001 måtte næringsinntekta vere over kr 36 000 for å få maksimalt frådrag, medan ein måtte ha ei næringsinntekt over kr 163 777 i 2002 for å få maksimalt frådrag. På bakgrunn av dette gjorde Skattedirektoratet kjøringar for prosjektet for 2002.

Tabell 3.2 Effekten av jordbruksfradraget for 2002

	Tal bruk	Sum fradrag	Skattereduk- sjon i alt	Gjennomsnittleg fradrag per bruk	Skattereduk- sjon per bruk
Hordaland	4 321	126 771 305	35 495 965	29 338	8 215
Sogn og Fjordane	4 838	149 871 015	41 963 884	30 978	8 674
Landet	63 522	1 957 173 947	548 008 705	30 811	8 627

Kjelde: Skattedirektoratet, 2003

Tabell 3.2 viser at det er liten skilnad på effekten av jordbruksfrådraget mellom Hordaland og Sogn og Fjordane og resten av landet og mellom dei vestlandsfylka. Middels jordbruksfrådrag er om lag kr 30 000 for begge fylka og for landet. Sogn og Fjordane hadde ein noko større effekt av frådraget enn landsgjennomsnittet, medan Hordaland hadde litt mindre.

Det samla jordbruksfrådraget for landet var på knapt 2 milliardar kroner. Dette medførte ein reduksjon i skatten for jordbruket samla på 548 millionar kroner. Av dette gjekk knapt 8 % til Sogn og Fjordane og 6,5 % til Hordaland.

Ei anna undersøking av effekten av jordbruksfrådraget (Driftsgranskinger i jord- og skogbruk, 2002), viser også at vestlandsfylka ligg på landsgjennomsnittet. Det var derimot store skilnader mellom ulike produksjonar. Effekten var minst for kornproduksjon og sauehald, medan mjølkeproduksjon og mjølk kombinert med andre produksjonar hadde størst effekt av jordbruksfrådraget.

## 3.2 Tilskot i høve til produksjon – utvikling

I dette kapittelet ser vi på endring i tilskotsreglar, og omfanget av tilskot til Hordaland og Sogn og Fjordane, både i kroner og i prosent av totalt utbetalte tilskot i landet i 1995 og 2002. Vi gjer merksam på at ikkje alle tilskotsordningar er med i denne oversikta.

### 3.2.1 Tilskotssatsar til husdyr

Når det gjeld regelverk omkring utbetaling av tilskot, har vi sett på åra 1997 og 2002. I 1995 var prinsippa om utbetaling såpass ulike frå 2002 at det vart vanskeleg å samanlikne direkte.

Tilskotssatsane som blir fastsette gjennom jordbruksavtalen kvart år, er ein av grunnen til at utviklinga går mot stadig større brukseiningar i landbruket. I 1997 fekk ein kr 3 675 per dyr for dei 8 første mjølkeyrne, og deretter kr 1 350 for dei 17 neste. I 2002 fekk ein kr 3 330 for dei 16 første kyrne, og kr 2 000 for dei 9 neste. Dette vil seie at om ein hadde 12 kyr i 1997 så fekk ein kr 34 800 i tilskot for desse, og om ein auka til 20 kyr vart tilskotet auka med 31 % til kr 45 600 (ikkje inflasjonsjusterte tal).

I 2002 fekk ein utbetalt kr 39 960 i tilskot for 12 kyr, og om ein auka til 20 dyr vart tilskotet auka med 53 % til kr 61 280.

I 1997 vart det utbetalt tilskot til maksimalt 40 mjølkekryr, og i 2002 vart dette talet auka til 50 dyr. Når det gjeld anna storfe, var det i 1997 kr 630 for dei 25 første dyra, deretter noko mindre per dyr opp til maks 200 storfe. I 2002 var det kr 744 for alle storfe opp til 250 dyr.

For avlsgris var grensa for tilskot i 1997 25 dyr, og i 2002 var grensa flytta opp til 70 dyr. Slaktegris hadde i 1997 ei grense for tilskot ved 250 gris, og i 2002 fekk ein tilskot opp til 1400 dyr.

I Hordaland og Sogn og Fjordane er til dømes mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau ei vanleg driftsform. I 1997 fekk ein eit høgare tilskot om ein hadde fleire dyreslag, fordi det var ein høgare sats for dei første dyra for kvart dyreslag. Denne fordelen med kombinasjonsbruk var mykje mindre i 2002, da tilskotssatsane vart flata ut.

I 1997 var det eit tak på tilskotsutbetalingar på kr 82 000 per bruk. I 2002 var dette taket auka til kr 140 000 per bruk.

### 3.2.2 Tilskotssatsar per dekar

Når det gjeld areal- og kulturlandskapstilskot, så har det også hatt ei utvikling som favoriserer større bruk på same måte som tilskot til husdyr.

For grovfôr var det i 1997 høgaste sats for dei første 100 dekar, deretter noko mindre beløp opp til maks 400 dekar. Det var ikkje tilskot til areal over 400 dekar. I 2002 var det ein sats for dei første 200 dekar, deretter ein lågare sats for alt areal over dette.


Kornarealet hadde i 1997 ei grense ved 400 dekar, der tilskotet per dekar var mindre for arealet over 400 dekar. I 2002 var det same sats for alt kornareal.

Potet hadde i 1997 høgaste tilskotssats for areal under 60 dekar, og ein lågare sats for areal opp til 120 dekar. I 2002 var det same sats for alt potetareal.

### 3.2.3 Utbetalt tilskot til Hordaland og Sogn og Fjordane

*Vi har i dette kapittelet sett på utbetalt produksjonstilskot i Hordaland og Sogn og Fjordane i 1995 og 2002 (SLF). Tala for 1995 er rekna om til 2002-kroner etter konsumprisindeksen.*

Figur 3.1 viser brutto produksjonstilskot til fylka, samt fordelinga på dei største tilskotsordningane. Vi kan sjå at brutto produksjonstilskot til Hordaland er redusert med 90 millionar kroner frå 1995 til 2002, det vil seie ei endring på 25 %. Sogn og Fjordane har ein større produksjon, og dermed større brutto utbetaling. Der har reduksjonen i utbetalingar vore på 73 millionar kroner, tilsvarande ei endring på 18 %. For landet totalt har reduksjonen i brutto utbetalingar vore på 5,7 %.




*Figur 3.1 Utbetalt tilskot til Hordaland og Sogn og Fjordane (i mill. kroner) i 1995 og 2002. Brutto tilskot og nokre av dei største tilskotsordningane, omrekna i 2002-kroner*

Kjelde: Statens landbruksforvaltning


### 3.2.4 Del av tilskot til Hordaland og Sogn og Fjordane

Forholdet mellom dei ulike tilskota varierer mellom ulike landsdelar. Hordaland og Sogn og Fjordane har ein stor del av arealtilskotet til frukt og bær og tilskot til brattlendte bruk (figur 3.2 og figur 3.3), men desse tilskota utgjer ein liten del av den totale utbetalinga.



*Figur 3.2 Prosentdel av ulike tilskot til Hordaland i 1995 og 2002*

Kjelde: Statens landbruksforvaltning



*Figur 3.3 Prosentdel av ulike tilskot til Sogn og Fjordane i 1995 og 2002*

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

I 1995 fekk Hordaland 6,7 % av den totale utbetalinga av produksjonstilskot i landet, og Sogn og Fjordane fekk på same tid 7,5 % av total utbetaling. I 2002 var Hordaland sin del av produksjonstilskota redusert til 5,3 % av total utbetaling i landet, og delen i Sogn og Fjordane var redusert til 6,4 %.

# 4 Utviklingstrekk og konsekvensar

---

## 4.1 Omsetning av kvotar

Opplysningar om mjølkekvote og tal produsentar er henta frå Statens Landbruksforvaltning. Vi har sett både på bruk med storfe og geit.

### 4.1.1 Kumjølk

Etter at kvoteordninga vart innførd i 1983, har talet på mjølkeprodusentar totalt gått ned med 46 %, og den totale mjølkekvote er i same tidsrom redusert med om lag 18 %. Tabell 4.1 viser at tal mjølkeprodusentar i landet er redusert med 25,6 % frå 1997 til 2002. Både i Hordaland og Sogn og Fjordane er nedgangen i tal produsentar større enn for landet totalt.

Tabell 4.1 Totalt tal mjølkeprodusentar og kvote i dei aktuelle fylka og i landet i 1997 og 2003


	Tal mjølkeprodusentar			Mjølkekvote i mill. liter		
	1 997	2 003	Nedgang i %	1 997	2 003	Nedgang i %
Hordaland	1 756	1 192	32,1	101,2	85,0	16,0
Sogn og Fj.	2 393	1 717	28,2	133,1	115,4	13,3
Landet	25 416	18 910	25,6	1 824,9	1 583,8	13,2

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

Ei av årsakene til den store nedgangen i talet mjølkeprodusentar, er at ein del produsenter går inn i samdrifter, og kvar samdrift blir rekna som ein produsent. Pr 16.10.2003 var det registrert 69 samdrifter i Hordaland og 77 i Sogn og Fjordane. I begge fylka er det 64 av samdriftene som har to deltakrar, resten har tre eller fleire deltakrar per

samdrift. På landsbasis er det på same tidspunkt registrert 1 104 samdrifter, med til saman 2 429 bruk.

For å regulere produksjonen i høve til etterspurnaden har mjølkeprodusentane kvart år frå 1997 til 2003 fått tilbod frå Staten om å selje mjølkekvote mot eit kompensasjonsbeløp. Ein del produsentar vel også å avvikle produksjonen utan å selje kvoten. Slik inaktiv kvote blir kalla sovande kvote. Produsentar som har sovande kvote, kan ta opp igjen produksjonen innan 10 år etter at produksjonen vart avvikla. På landsbasis var det i åra 1997–2001 til saman 825 produsentar som valde ordninga med sovande kvote oppslutning om sal av mjølkekvote har i gjennomsnitt for landet variert mellom 2,1 % og 7,5 % av totalt tal mjølkeprodusentar. Figur 4.1 viser prosentvis oppslutning om kvotesal for landet totalt og for vestlandsfylka. I Hordaland er det dei fleste åra ein høgare prosent av mjølkeprodusentane som sel kvoten enn gjennomsnittet for landet. I Sogn og Fjordane har det derimot vore relativt færre mjølkeprodusentar som har selt kvoten enn det har vore i landet elles. I 2000 var det ein ekstraordinær omgang med sal av mjølkekvote i tillegg til den ordinære. I figur 4.1 er desse to omgangane slegne saman.



Figur 4.1 Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvote for landet totalt og for dei aktuelle fylka

Kjelde: Statens landbruksforvaltning

Frå 1997 til 2003 var det på landsbasis 5 876 bruk som selde mjølkekvote, og storleiken på den selde kvoten var i gjennomsnitt på 57 300 liter. I Hordaland var det i same periode 449 bruk som selde ein kvote på i snitt 47 700 liter. I Sogn og Fjordane var gjennomsnittskvoten som vart sold, på 40 300 liter, og 501 bruk selde kvoten.

Mjølkeproduksjonsbruka i Hordaland hadde i 2003 i gjennomsnitt ein kvote på 71 300 liter, og i Sogn og Fjordane er gjennomsnittskvoten på 67 200 liter. Sjølv om ein stor del av brukarane sel kvoten, vil ikkje den totale kvoten bli redusert tilsvarende. Mange av dei eksisterande brukarane ønskjer å auke den kvoten dei har. I 2003 var det 27 % av mjølkebruka i Hordaland som ønskte å kjøpe meir kvote, og i Sogn og Fjordane var det 31 % som ønskete å utvide kvoten.

Mange bruk fyller ikkje kvoten, og i 2002 var det 94,3 % kvoteoppfylling i gjennomsnitt for landet. Hordaland var i 2002 det fylket i landet som hadde lågast kvoteoppfylling med 86 %. Sogn og Fjordane leverte om lag 92 % av kvoten i fylket. Årsakene til låg kvoteoppfylling i Hordaland kan vere mange. Mellom anna har Hordaland hatt større sal av kvotar dei siste åra samanlikna med resten av landet. Strukturen i mjølkeproduksjonen med mange deltidsbruk og bynært landbruk, gjer at ein del produsentar heller ikkje legg så stor vekt på fylle kvoten i fylket.

I følgje Landbruksdepartementet såg det ut til at mjøkeproduksjonen ville bli for liten til å dekke etterspurenaden i marknaden for 2003. Avtalepartane i jordbruksoppgjeret vart derfor samde om å opne for at kvar produsent kunne produsere inntil 2 % over kvoten i 2003.


#### 4.1.2 Geitemjølk

Talet på geitemjølkprodusentar er redusert med om lag 48 % sidan innføringa av kvoteordninga i 1983. Den totale landskvoten er i same tidsrom redusert med om lag 25 %. Det var i 2003 registrert 587 bruk med geitemjølkproduksjon, og desse hadde i gjennomsnitt ein kvote på 39 200 liter.

I Hordaland var det 47 bruk som hadde produksjon av geitemjølk i 2003, og kvoten var i gjennomsnitt på 33 200 liter. Sogn og Fjordane hadde på same tidspunkt 97 bruk med geitemjølkproduksjon, og kvoten var i snitt 38 900 liter.

Frå 1997 til 2003 var det i landet 230 bruk med geit som selde kvoten, og storleiken på den selde kvoten var i gjennomsnitt på 26 400 liter. I Hordaland var det i same periode 14 bruk som selde kvoten, og i Sogn og Fjordane vart kvoten sold på 27 bruk. I begge fylka var den selde kvoten om lag på landsgjennomsnittet.

Oppslutninga om sal av mjøkekvote i geitemjølkproduksjonen har variert mellom 2,4 % og 8 % av totalt tal produsentar. I Hordaland var det ingen bruk som selde kvoten i 2000 og 2002, grafen er derfor ikkje ei heil linje. I Sogn og Fjordane har det i dei fleste åra vore relativt færre som har selt kvoten enn det har vore i landet elles.



Figur 4.2 Prosentvis oppslutning om sal av geitemjøkekvote for landet totalt og for dei aktuelle fylka


Kjelde: Statens landbruksforvaltning

I Hordaland var det i 2003 registrert 4 bruk med geitemjølkproduksjon som ønskte å kjøpe meir kvote. I Sogn og Fjordane ønskte 9 bruk å auke kvoten.

## 4.2 Økonomisk utvikling

Gjennom Stortingsproposisjon nr. 8 (1992–93) fekk vi ein ny gjeldande landbrukspolitikk frå 1993. Stikkord var betre marknadstilpassing, eit meir robust og meir kostnadsefektivt landbruk, og tilpassing til prisnivået i andre land. Kornprisen vart sett ned og vi fekk lågare kraftførprisar og lågare produktprisar på til dømes mjølk og kjøt. I kjølvatnet av denne omlegginga, fekk vi ein nedgang i lønsemada i jordbruket den første tida då inntektsnedgangen var større enn nedgangen i kostnader.

Dei aller fleste opplysningane under dette kapittelet er henta frå «Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» (NILF). Dette er ei årleg gransking på om lag 1 000 bruk frå heile landet. Vel 120 bruk er frå vestlandsfylka Hordaland og Sogn og Fjordane, omlag halvparten frå kvart av fylka.



Figur 4.3 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, deflaterte tal, 1993–2002

Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993–2002


Figur 4.3 viser utviklinga i perioden 1993–2002 målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Landstala viser at lønsemada gjekk ned frå kr 172 000 per årsverk i 1993 til kr 151 000 i 1997. Etter det låg vederlaget per årsverk stabilt fram til 2002 då vi fekk ein kraftig auke. Målt i faste kroner var resultatet for 2002 nesten på same nivå som i 1993.

Utviklinga i Hordaland og Sogn og Fjordane viser parallel utvikling. Nivået har heile tida lege om lag kr 20 000 per årsverk under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka er at bruken er mindre i areal og har mindre produksjonsomfang. Driftsgranskingane viser at det er ein sterk samanheng mellom storleik på bruket og vederlag per årsverk. Til dømes var gjennomsnittsbruken i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2002 på 138 dekar jordbruksareal. Gjennomsnittsbruken i landet var på 241 dekar, altså 75 % større enn vestlandsbruken. Bruksstruktur og produksjonar er nokså like i dei to fylka. Resultatkurvene

følger derfor kvarandre nært i løpet av tiårsperioden. Nokre år har det vore best resultat i Hordaland, andre år i Sogn og Fjordane. Årsaka til at det er ein viss skilnad i enkeltår, er samansetning av produksjonar i materialet. Begge fylka er sterkt dominerte av mjølkeproduksjon og kombinasjonar med mjølk. Innslaget av sauehald er størst i Sogn og Fjordane, medan innslaget av frukt er størst i Hordaland. Ulik utvikling siste året skuldast dette.

#### 4.2.1 Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjonen er den største og dominerande i begge fylka. Lönsemada i mjølkeproduksjonen vil derfor påverke fylkestala sterkt. Mjølkebruken i Hordaland og Sogn og Fjordane er noko mindre enn landsgjennomsnittet. Produksjonsomfanget i fylka er i middel frå 1997–2002 12,3 årskyr medan middelet for landet var 14,9 årskyr i same perioden.



Figur 4.4 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for mjølkeproduksjon 1993–2002, deflaterte tal


Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993-2002

Resultatet frå tiårsperioden viser at det var ein nedgang i lönsemada i mjølkeproduksjonen frå 1993 til 1999 målt i faste kroner. Det var heller ikkje stor skilnad mellom vestlandsfylka og resten av landet. I 2002 var det ein sterk auke på landsbasis med om lag kr 20 000 per årsverk i auke for mjølkeprodusentane. Dette skjedde ikkje i Hordaland og Sogn og Fjordane. Her var det ein liten nedgang på kr 4 000 per årsverk. Dette skuldast fleire faktorar. Mellom anna var auken i levert mjølkemengde mindre på Vestlandet. Dessutan auka mjølkeprisen mindre i vestlandsfylka enn for resten av landet.

## 4.2.2 Sauehald

Hordaland og Sogn og Fjordane er om lag jamstore med tanke på produksjon av sauekjøt. Det vert produsert vel 2 000 tonn i kvart fylke. Berre Rogaland og Oppland har større produksjon av sauekjøt. Produksjonen har vore stabil dei siste åra. Det er svært mange små saueflokkar på Vestlandet. Gjennomsnittsbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane har 47 vinterfôra sauер medan landsmiddelet er 58 (SLF).

I driftsgranskningane er det brukar som har ein produksjon av vesentleg omfang, som er med. I driftsgranskningane for 2002 hadde vestlandsbruket 79 vinterfôra sauere medan landsmiddelet var 105. Økonomien i sauehaldet har vore svak gjennom heile perioden frå 1993 til 2002. Det gjeld alle regionar.



Figur 4.5 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i sauehaldet 1993–2002, deflaterte tal

Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993-2002


Det er mange årsaker til at økonomien i sauehaldet er svak. I motsetning til svinekjøtproduksjonen, har det ikkje vore noko produktivitetsvekst i sauehaldet. For dei fleste som driv med sau, betyr jordbruksdrifta lite for totaløkonomien. Store investeringar vert ofte gjorde utan at det er økonomisk lønsamt. Pengar frå andre næringar vert nytta til investeringar i sauehaldet. Resultatet vert høg innsett kapital og store kostnader i form av avskrivningar i høve til produksjonsomfanget. Nedgang i prisen på sauekjøt betyr også ein god del for resultatet.

Landstala viser nedgang i lønsemnda frå 1993 til 1997. Etter det har vederlaget per årsverk i sauehaldet lege på om lag kr 100 000 målt i faste kroner.

Resultata for Hordaland og Sogn og Fjordane viser at lønsemna i desse fylka har vore svakare i heile tiårsperioden. Svingingane i perioden følgjer stort sett landstala. Ved inngangen til perioden var skilnaden knapt kr 40 000 per årsverk, ved utgangen knapt kr 50 000.

#### 4.2.3 Mjølkeproduksjon kombinert med sauehald

Mjølkeproduksjon kombinert med sauehald er ei svært vanleg driftsform i vestlandsfylka. Det er mange fordeler ved denne kombinasjonen. Kvotene set ofte tak for omfanget av mjølkeproduksjon. Overskytande grovförareal vert av mange nytta til sau. Beitene vert også betre utnytta dersom ein har både storfe og sau.




Figur 4.6 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i mjølkeproduksjon kombinert med sauehald, 1993–2002, deflaterte tal

Kjelde: Driftsgranskingar i jord- og skogbruk 1993-2002

Lönsemada i denne driftsforma er om lag som for mjølkeproduksjon. Utviklinga for landet følgjer stort sett utviklinga for vestlandsfylka. Årsaka er at heile 50 % av bruken i denne driftsforma er frå Vestlandet. Det er nedgang i lönsemada frå 1993 til 1997. Etter 1997 har det vore små svingingar fram til 2002 då vi fekk ein auke på kr 20 000 per årsverk for landet. Det var også ein liten auke på kr 2 000 for Hordaland og Sogn og Fjordane. Årsakene til ulik utvikling frå 2001 til 2002 er fleire. Auken i timebruk for Hordaland og Sogn og Fjordane betyr litt. Størstedelen av forklaringa finn ein i auka inntekter på mjølk og storfekjøt. Svakare auke i mjølkepris for vestlandsfylka samt mindre auke i produksjonen er forklaring på skilnaden i produksjonsinntektene. Det var også ei mindre gunstig kostnadsutvikling på Vestlandet.

#### 4.2.4 Fruktproduksjon

Hordaland og Sogn og Fjordane er dei største fruktfylka i landet. Økonomien i denne produksjonen er viktig for jordbruket i mange av fjordkommunane på Vestlandet. I motsetning til husdyrproduksjonane, er svingingane i det økonomiske resultatet stor mellom år. Avlings- og prisnivået det enkelte året avgjør lönsemada for denne produksjonen. Dei aller fleste bruken i driftsgranskingane med frukt og ulike kombinasjonar med frukt, ligg i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er derfor ikkje noko samanlikningsgruppe for denne produksjonen på landsbasis. Vi har valt å samanlikne fruktprodusentane med gjennomsnittet av alle bruk i landet.



Figur 4.7 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk 1993–2002, deflaterte tal,  
Hordaland og Sogn og Fjordane frukt, og alle bruk i landet


Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993-2002

Også for fruktproduksjonen var det fallande trend i lønsemda frå 1993 og fram til 1997. I siste del av perioden har lønsemda svinga med avlingsnivået fram til 2002. Dette året var eit ekstraordinært godt avlingsår, noko som førte til ein auke i vederlaget per årsverk på over kr 50 000.

Samanlikna med gjennomsnittet av alle brukene i landet, har fruktprodusentane på Vestlandet hatt därlegare lønsemd i heile perioden. Størst skilnad var det i 1997 då avstanden var heile kr 50 000 per årsverk.

#### 4.2.5 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål som viser samla inntekt for brukarfamilien med frådrag av gjeldsrenter og kår. Dei aller fleste brukarfamiliane har i dag inntekter frå andre kjelder enn jordbruket. Resultat frå driftsgranskingane viser at det er liten skilnad mellom driftsformer, regionar og storleiksgrupper med tanke på nettoinntekt. Familien hentar inn dei inntektene som er nødvendige, for å ha ein rimeleg levestandard.




Figur 4.8 Nettoinntekt per brukarfamilie 1993–2002, deflaterte tal

Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993-2002

Av figur 4.8 ser vi at det har vore ein realauke i nettoinntekta for alle gruppene i perioden. Hordaland og Sogn og Fjordane ligg noko under landsgjennomsnittet i heile perioden, men skilnadene er små. Nettoinntekta per brukarfamilie ligg i dag i området mellom kr 400 000 og kr 450 000 for dei fleste gruppene.

#### 4.2.6 Inntekter utanom jordbruksdrifta

Det har vore trend heilt sidan syttitalet at bidraget fra jordbruket til totalinntekta har gått ned. I 1980 utgjorde driftsoverskotet fra jordbruket 85 % av samla inntekt medan det i 2002 utgjorde 41 % på Vestlandet.



Figur 4.9 Del av samla inntekt fra jordbruket for brukarfamilien 1993–2002


Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993-2002

Det går klart fram av figur 4.9 at inntekter fra jordbruket betyr mindre for totalinntekta til brukarfamilien i 2002 enn ti år tidlegare. Utviklinga er den same for vestlandsfylka som for resten av landet. Driftsoverskotet fra jordbruket utgjer ein mindre del av totalinntekta for vestlandsbonden enn for landsgjennomsnittet. Skilnaden har vore den same gjennom heile perioden. I 2002 snudde trenden vi har hatt gjennom mange år, og vi fekk ein auke på 2 % i jordbruksdelen av totalinntekta for vestlandsbonden.

## 4.3 Investeringsniva

### 4.3.1 Nettoinvesteringar i driftsgranskingane

Nettoinvesteringar er bruttoinvesteringar minus avskrivningar, tilskot og sal. Figur 4.10 viser nettoinvesteringa per bruk i gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet totalt. Når nettoinvesteringa er negativ, tyder det på at ein slit på produksjonsapparatet. Dette treng ikkje vere uheldig dersom ein har eit godt driftsapparat. Der det motsette er tilfelle, kan det gå mot store nyinvesteringar eller avvikling av drifta dersom nettoinvesteringa vert negativ eller særslig låg framover.




*Figur 4.10 Nettoinvesteringar per bruk i gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet totalt*

Kjelde: Driftsgranskingar i jord- og skogbruk 1993-2002

Årsaka til at Hordaland og Sogn og Fjordane har så høg nettoinvestering i 2002, er at nokre bruk i desse fylka bygde ny driftsbygning dette året. Det gjer store utslag når det er relativt få bruk i gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Ved utgangen av 2002 hadde kvar brukarfamilie i driftsgranskingane i gjennomsnitt bokførde eigedelar i jordbruket til ein samla verdi av kr 1 287 000. Dette er ein auke på 5 % i forhold til 2001. Bruka i Hordaland og Sogn og Fjordane hadde i snitt eigedelar til ein verdi av 946 700 i 2002, og det var ei auke på 12 % frå 2001.



*Figur 4.11 Akkumulert nettoinvestering 1993–2002, gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet*


Kjelde: Driftsgranskinger i jord- og skogbruk 1993–2002

På eit såpass lite materiale vil store investeringar på enkeltbruk gjere store utslag. Det kan derfor vere fornuftig å sjå på akkumulert nettoinvestering over siste tiåret. Akkumulert nettoinvestering per bruk over tiårsperioden ligg på om lag kr 120 000 (figur 4.11). Resultatet for vestlandsfylka er 11 600 og for landet kr 12 300 per bruk og år. Driftsgranskingane viser at det er liten skilnad på investeringsnivå i perioden 1993–2002 mellom Hordaland og Sogn og Fjordane og resten av landet.

### 4.3.2 Investeringar i driftsbygningar

Investering i driftsbygning er det klart største løftet ein må ta i jordbruksbygningane. Nye bygningar er kostbare, og det bind opp midlar for mange tiår framover. Alder på driftsbygningar kan derfor gje ein peikepinn på korleis det står til med driftsapparatet i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Ein kan sjå av figur 4.12 at på landsbasis er 40 % av driftsbygningane bygd før 1950. Delen av bygningane frå denne perioden er noko høgare i Hordaland og Sogn og Fjordane. I Hordaland er 47 % av bygningane i denne gruppa medan 42 % av bygningsmassen i Sogn og Fjordane er bygd før 1950.




Figur 4.12 Prosentvis fordeling av driftsbygningars etter byggjeår

Kjelde: Statistisk sentralbyra, landbrukstellingane 1999

På sytti- og åttitalet var det stor aktivitet med nybygg i jordbruket. Medan det i Sogn og Fjordane vart bygt fleire bygningar enn på landsbasis, vart det i Hordaland bygt klart færre i den perioden. Mellom 1980 og 1989 vart det bygd om lag 150 nye bygningar i året i kvart av fylka. Byggeaktiviteten på nittitalet var tilbake til nivået frå før opptrapingsvedtaket i 1975, om lag 70–80 bygningar per år og fylke.


Etter tusenårsskiftet har vi ikkje nøyaktige data på nye driftsbygningar i dei to fylka, men tal løyvde saker gjennom SND-systemet gjev ein god indikator på aktiviteten. Talet på bygg er gått ned til 50–60 kvart år i Sogn og Fjordane og noko mindre i Hordaland.



Figur 4.13 Tal løyvingar til driftsbygningars gjennom SND 2000–2003

Kjelde: Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND

Figur 4.13 viser talet på alle løyvingar til driftsbygningars i Hordaland og Sogn og Fjordane i perioden 2000–2003. Talet på løyvingar har ingen samanheng med interesse og tal søknader, men gjev utsyn for ramma SND har til disposisjon til utlån og tilskot til driftsbygningars for tradisjonelt landbruk.



*Figur 4.14 Samla kostnadsramme for driftsbygningars delfinansiert gjennom SND 2000–2003*

Kjelde: Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND

Av figur 4.14 går det fram at byggjeaktiviteten har vore noko større i Sogn og Fjordane enn i Hordaland dei siste fire åra. I 2003 var kostnadsramma den same, men det færre og større saker i Hordaland enn i Sogn og Fjordane. Det har vore ein fallande tendens i interesse for lån og tilskot til driftsbygningars etter tusenårsskiftet.

På nittitalet vart det bygt 70–80 nye driftsbygningars per år i kvart av fylka (SSB). Lange ventelister medførde harde prioriteringar blant dei som forvalta investeringsmidlar til formålet (Statens landbruksbank, Fylkesmannens landbruksavdeling).

Etter tusenårsskiftet har pågangen minka, og det vert sett strengare krav til produksjonsvolum for dei som investerer. Ein stadig større del av bruken kjem under grensa for lønsam drift etter å ha investert i ny driftsbygning. Bruksstrukturen i fylka gjer det vanskeleg å forsvere ny driftsbygning økonomisk på enkelbruk. I 2003 vart det til dømes i Sogn og Fjordane berre løyvd pengar til samdrifter med tanke på nybygg innan mjølkeproduksjonen. Då var det snakk om driftseiningar med meir enn 20 kyr. Gjenomsnittsbruket i Sogn og Fjordane er i dag på knapt 12 kyr. Det er derfor vanskeleg å gå inn på større investeringar på dagens gjennomsnittsbruk i fylket. SND har derfor prioritert å gje etableringstilskot til unge bønder som overtek drifta på bruk med lågt produksjonsomfang. Dette med tanke på å stimulere til overtaking samtidig som ein ikkje bind opp så store midlar for framtida.

## 4.4 Samfunnsmessige forhold

Forholda elles i samfunnet vil påverke utviklinga i jordbruket. I mange område i Hordaland og Sogn og Fjordane er enkelt å finne anna interessant arbeid. I Hordaland er det spesielt i kyststrøka at det har vore ein lett arbeidsmarknad. Dette kan påverke utvik-

linga i jordbruket, og kan vere med på å forklare dei utslaga vi ser i tabell 4.2. Jordbruksproduksjonen er meir stabil indre strøk der tilgangen på alternative arbeidsplassar er mindre. Med eit lønnsnivå som ligg lang over det jordbruket kan tilby, er det ikkje rart at det er vanskeleg for jordbruket å konkurrere om arbeidskrafta. I tillegg kjem gode som ordna arbeidstid og ferie. For ungdommen er det viktige element som tel mykje i spørsmålet om ein skal overta bruket eller ikkje.

I bynære område kan alternativ bruk av jordbrukskapitalen gje betre avkastning enn tradisjonell jordbruksdrift. Mange søknader om omdisponering av jord til diverse utbyggingsformål som golfbanar etc., viser at jordbruket er under sterkt press i desse områda. Utleige av driftsbygningar til lager for andre næringar kan også gje betre avkastning enn tradisjonell jordbruksdrift i pressområda.

I Hordaland har vi sett på strukturutviklinga i Hardanger/ Vosseregionen i forhold til Nordhordland. I indre strøk (Hardanger/ Voss) har vi teke med kommunane Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin og Voss. I ytre strøk har vi sett på kommunane Radøy, Lindås, Masfjorden, Fedje, Austrheim og Meland.

Tabell 4.2 viser at i 1995 var det 417 bruk i Hardanger/ Vosseregionen som hadde mjølkekryr. I 2003 var talet redusert med 26 %, til 307 bruk. I Nordhordland har tal bruk med mjølkekryr gått ned med 38 % i same periode. Ytre strøk er meir bynært, og årsaka til at fleire har slutta med mjølkekryr der kan vere at det er lettare å finne arbeid utanfor bruket. Når mjølkeproduksjonen blir avvikla er det ein del bruk som går over til ammekuproduksjon i staden. I indre strøk er det over 60 % fleire som driv med ammekryr i 2003 enn i 1995. I ytre strøk auka tal ammekuprodusentar med 18 % i perioden.

Tal dekar fulldyrka jord er tilnærma uendra i Hardanger/ Vosseregionen. I Nordhordland er tal dekar fulldyrka jord gått ned med 11 %. Årsaka til dette kan vere at det er meir press på arealet til andre formål i denne regionen, eller at arealet ikkje lenger vert drive.

**Tabell 4.2** Tal bruk i Hardanger/ Vosseregionen og Nordhordland

	Mjølkekryr		Ammekryr		Sauer		Fulldyrka jord	
	1995	2003	1995	2003	1995	2003	1995	2003
Hard./ Voss	417	307	36	59	823	576	1145	850
Nordhordland	281	175	103	121	569	423	951	681

Kjelde: Statens Landbruksforvaltning

# 5 Konklusjonar og forslag til tiltak

---

Landbruket i Noreg har gått og går framleis gjennom store strukturelle endringar. For perioden mellom 1995 og 2002, ein periode på åtte år, har det skjedd store endringar med omsyn til tal bønder, storleik på bruka og flytting av produksjonar mellom distrikt.

Føresetnadene for rasjonell jordbruksdrift er ulik frå landsdel til landsdel. Dokumentasjonen i dette prosjektet viser at Hordaland og Sogn og Fjordane framleis er viktige fylke med tanke på produksjon av mange jordbruksvarer. Omlag 13 % av mjølk og storfekjøt kjem frå desse fylka. Vel 18 % av sau- og lammeslaktet vert produsert i dei to fylka (BFJ, 2003). Hordaland har det største frukt- og bærarealet i landet medan Sogn og Fjordane har det nest største.

Utviklinga viser at reduksjonen i tal bønder er større i vestlandsregionen enn i andre delar av landet. Særleg er nedgangen stor i enkelte deler av Hordaland. Vestlandsfylka taper også terreng i høve til andre område for mange produkt. Dette gjeld særleg produksjon av lyse kjøtslag. Sjølv om dette aldri har vore store næringar på Vestlandet, betyr det mykje for enkeltprodusentar. For å oppretthalde eit fagmiljø, er det viktig at det ikkje vert for få produsentar i eit område.

Jordbruket er ei viktig næring for mange kommunar i fylka. Ringverknader av produksjon og busetnad er viktig for mange kommunar. Det er derfor ønskjeleg at Hordaland og Sogn og Fjordane framleis er viktige jordbruksfylke, og at produksjon og busetnad kan oppretthaldast. Vi vil vidare sjå på kva tiltak som kan vere aktuelle for å styrke landbruket i dei to fylka.

## 5.1 Driftsøkonomiske verkemiddel

Økonomien blant vestlandsbøndene har ikkje hatt ei tilfredsstillande utvikling samanlikna med resten av landet. Det viser dokumentasjonen i kapittel 4.2. Tal frå driftsgranskingane viser at avstanden til landsgjennomsnittet aukar for viktige produksjonar som mjølkeproduksjon og sauehald.

For å styrke økonomien er det fleire mogelege grep ein kan ta. Auke i produktprisar, auka tilskot og reduksjon av kostnader stikkord her. Effektivisering av drifta i form av lågare timebruk per produsert eining, har same verknaden.

## 5.2 Produktprisar

For mange av produksjonane er prisane fastsette gjennom sentrale forhandlingar i jordbruksavtalen. Dette gjeld produksjon av mjølk, kjøt og frukt med meir, omsett gjennom dei tradisjonelle salskanalane (volumproduksjon). Slik situasjonen er for norsk produksjon med tanke på konkurransen frå utlandet og forpliktande internasjonale avtalar (WTO), er det lite truleg at det er så mykje å hente på produktprisane generelt framover. Eit slikt tiltak vil heller ikkje vere målretta mot jordbruket i dei to fylka, men heller auke skilnaden til resten av landet som har eit større gjennomsnitts produksjonsomfang per driftseining.

Ei auka satsing på foredling av produkta, og der i gjennom høve til å ta ut høgare prisar, kan vere mogeleg for enkelte produsentar. Storstilt satsing på småskala matproduksjon gjennom offentlege verkemiddel, har vore gjennomført i Hordaland og Sogn og Fjordane dei siste åra. For ei lita gruppe produsentar kan dette vere ei interessant og aktuell løysing. Mange er allereie inne i denne prosessen, og nokre har lukkast i å auke utbytet gjennom tilbakeføring av meir av verdiskapinga til bruket. For den store massen av vestlandsbøndene vil dette ikkje vere aktuelt. Dei vil vere avhengige av tilfredsstilande vilkår for råvareproduksjon.

Omlegging til økologisk drift kan vere ein måte å auke produsentprisane på. I praksis har det vist seg at det ikkje er så enkelt å ta ut den eventuelle meirverdien av produkta. Det er vanskar med å få dei økologisk produserte varene fram til forbrukar og kunne ta ut meirverdien. Større omfang og betre logistikk kan avhjelpe dette problemet i framtida.

## 5.3 Tilskot

Mange av endringane i rammevilkåra vi har fått i jordbruket dei siste åra, har gått i disfavør av vestlandsbøndene. Ei utflating av tilskottssatsane i husdyrtilskotet, slo sterkt negativt ut for Vestlandet. Særleg galdt dette produsentar som driv kombinert produksjon. Same effekten har flatare satsar for arealtilskot hatt.

Det er lite truleg at ei gjeninnføring av differensiering mellom små og store buskapar vil vere aktuell politikk. Det vil stå i strid med ønske om å stimulere til store driftseininger og eit meir effektivt jordbruk. Eit mål for vestlandsbøndene bør heller vere å halde på den differensieringa som er i dag, og hindre ei ytterlegare utflating av satsane.

Pristilskota er i dag viktige distriktpolitiske verkemiddel. For mjølkeproduksjon ligg mesteparten av dei to fylka i sone D med eit tilskot på 32 øre per liter. I sørlege delar av Hordaland ligg nokre få område i sone C med 23 øre per liter i distrikstilskot.

Fylka ligg i delvis i sone 2 og delvis i sone 3 for pristilskot på kjøt. Det er kystkommunane i dei to fylka som ligg i sone 3. For tida er satsane kr 4,05 per kg i sone 2 og kr 6,55 per kg kjøt i sone 3. Ei justering av satsane eller flytting til ein høgare sone kan vere eit alternativ. Denne type tilskot er utsette med tanke på WTO-avtalen, og går dermed ei usikker framtid i møte.

Heile Vestlandet ligg i sone 5 for distrikts- og kvalitetstilskot på frukt og bær. Tilskotet er kvantumsavgrensa for produksjon mellom 2 og 40 tonn. Dette er eit svært viktig verkemiddel for frukt- og bærprodusentane på Vestlandet.

Driftstilskotet på mjølk er også kvantumsavgrensa. I utgangspunktet var dette likt for heile Sør-Noreg. Dei siste par åra er det blitt gjeve auka satsar til ein del område rundt Oslofjorden. Å justere satsen for driftstilskot i mjølkeproduksjonen for dei to fylka eller delar av dei, vil vere eit aktuelt verkemiddel for å betre økonomien for mjølkeprodusentane på Vestlandet.

Regionale tilskot vil vere viktige verkemiddel for å styrke jordbruket i ulike regionar. Ein vil då meir målretta kunne setje inn tiltak tilpassa dei regionale behova.

Bruken av tilskot i landbrukspolitikken er avhengig av kva mål som er viktige. Er det eit hovudmål om å oppretthalde produksjonen og fagmiljøet i ein region, er distriktstilskota viktige. Er målet å oppretthalde tal aktive i næringa og busetjing, er tilskota i botn på ein produksjon eller produksjonsuavhengige tilskot viktige.

## 5.4 Investeringstrong og nye samarbeidsformer

For å oppretthalde jordbrukskapitalen på sikt er det viktig at det vert lagt til rette for å investere i næringa. Landbrukstellingane 1999 (SSB) viser at det ikkje er så stor skilnad på alderen i bygningsmassen på Vestlandet samanlikna med resten av landet. Hordaland har noko eldre bygningsmasse enn Sogn og Fjordane som ligg om lag på landsgjennomsnittet.

Interessa for å bygge nye driftsbygningar har minka dei siste åra, og det er i dag ikkje så mange som får avslag på tilskots- og lånesøknader som det var på nittitalet. Etter kvart som bygningsmassen i dei to vestlandsfylka krev fornying, vil det vere vanskeleg å forsvare nybygg for dagens produksjonsomfang på mange bruk. Samdrifter er derfor på full fart inn i mjølkeproduksjonen på Vestlandet. Det kan vere eit alternativ dersom trangen melder seg for å fornye driftsbygningen. I tillegg til at produksjonsomfanget vert større, stimulerer det til samarbeid blant nabobar. Dessutan gjev det høve til meir ordna arbeidsforhold, ferie og fritid. Ein må likevel vere merksam på at det set store krav til brukarane, og at det også er problem knytt til evne til samarbeid, juridiske forhold ved generasjonsskifte, etc. Mange samdrifter som starta for nokre år sidan, er alt opplyste.

## 5.5 Andre rammevilkår

Stabile rammevilkår er viktig for ei langsiktig næring som jordbruket. Årlege endringar i skattevilkår som avskrivingssatsar for driftsbygningar, er med på å gjøre rammene for jordbruksdrift usikre. Det er viktig at ein får satsar som er fornuftige og som ligg nær den reelle slitasjen ein har på bygningane.

Ordninga med skattefrådrag vert truleg vidareførd og utvikla. Den første modellen frå 2001 med eit flatt frådrag i botn på kr 36 000 verka utjamnande mellom små og store bruk dersom dei hadde næringsinntekt over denne grensa. Endringa i 2002 favoriserte større bruk. Kravet til næringsinntekt vart auka til om lag kr 164 000 for å fullt frådrag. Ytterlegare heving vil vere med på å svekke jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane slik strukturen er i næringa i dag. Profilen på grunnlaget for skattefrådrag er eit verkemiddel ein kan nytte for styrke jordbruket på Vestlandet.

Kravet til å vere registrert i meirverdiavgiftsregisteret for å kunne søkje om produksjonstilskot har fått følgjer for jordbruket på Vestlandet. Nedgangen i tal søkerar om produksjonstillegg i 2002 og 2003 viser ei rask endring i bruksstrukturen i dei to fylka, og då særleg i Hordaland. Heving av omsetningskravet for å vere avgiftspliktig til kr 50 000 frå 2004, vil slå kraftig ut på Vestlandet dersom kravet vert gjort gjeldande

for å få produksjonstilskot. Ei låg grense for avgiftspliktig omsetning vil halde fleire innan næringa. Også her er det viktig å vere bevisst kva som er dei viktigaste måla for vestlandsjordbruket framover.

Dei siste åra har det gjennom ulike verkemiddel vore stimulert til omlegging til økologisk landbruk. Målsetjinga på landsbasis har vore at minst 10 % av landbruket skal vere økologisk drive i 2010. Begge vestlandsfylka har langt igjen til dette målet. Strukturen og produksjonstilhøva skulle liggje vel til rette for ein auka produksjon av økologiske varer på Vestlandet.

Regionale tilskot er verkemiddel som kan nyttast til å styrke dei delane av jordbruket ein ønskjer i dei to fylka. Fordeling og storleik av desse kan påverke forholdet mellom jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane og resten av landet.

# Litteratur

---

- Budsjettetnemnda for jordbruksdepartementet (2003b). *Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken*. Oslo 2003.
- Fagerås, E., Hoffmann, J. og Romarheim H., 1976. *Økonomiske ringvirkninger i bygdesamfunnet. Betydning av landbruksforetak og landbruksforedlingssindustri*. Norges landbrukskole, Institutt for driftslære og landbruksøkonomi, memorandum nr. 73. Institutt for skogøkonomi og Norges landbruksøkonomiske institutt. Ås-NLH/Oslo 1976.
- Fylkesskattekontoret i Hordaland. Uppl. *Data fra skatteoppgjøret 2001 og 2002*.
- Fylkesskattekontoret i Sogn og Fjordane. Uppl. *Data fra skatteoppgjøret i 2001 og 2002*.
- NILF. *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk*. Fleire årganger.
- Noregs Pelsdyravlslag. Uppl. *Omsetningsoppgåver 1995–2003*.
- Romarheim, H. 2003. *Vurdering av sysselsetting og inntekt i Alstadhaug kommune – med særlig vekt på primærnæringene*. NILF-notat 2003:11, Oslo 2003.
- Skattedirektoratet. Uppl. *Data fra skatteoppgjøret 2002*.
- Statistisk sentralbyrå. *Jordbruksstilling 1999*. Oslo/Kongsvinger 2001.
- Statens landbruksforvaltning. Kvoteordninga for mjølk.
- Statens landbruksforvaltning. Produksjonstilleggsregisteret. Statistikk over driftsenheter, dyretall og areal for 1995–2003.
- Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) Hordaland. Uppl. *Oversikt over løyingar til jordbruksforetak 2000–2003*.
- Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) Sogn og Fjordane. Uppl. *Oversikt over løyingar til jordbruksforetak 2000–2003*.